

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 16.03.2021

Møteleiar sette fram forslag om at sak PS 16/21 «Flyfagtilbod i Trøndelag» vert utsett.

Det vart vist til kommunelova § 11-3 4. ledd.

Avrøysting til utsetjing:

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å utsette sak PS 16/21 «Flyfagtilbod i Trøndelag».

Sigurd Reksnes, SP, sette fram forslag om å gjere RS sak 11/21 «Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i vestland» om til ei politisk sak.

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Sak sett på sakskartet i møtet:

PS 18/21 «Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland».

Vedtak

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknadane ovanfor.

Orientering/fellesmøte:

Tidsplan		Tema	
08:30		Møtestart	
08:40 - 09:10		Presentasjon av søkjartal, grunnlag og utfordringar i justering av opplæringstilbodet	
09:10 - 09:20		Leiar av Y- nemnda (og ev representant frå oppl.knt.) presenterer sitt perspektiv	
09:20 - 10:00		Drøftingar i plenum/ spørsmål+ beinstrekk før neste post	
10:00 - 10:10		Status fagbrev på jobb i Vestland fylkeskommune	
10:10 - 10:30		Samarbeid med NAV - ulike samarbeidsområde	
Yrkesopplæringsnemnda		Hovudutval opplæring og kompetanse	
10:45 - 11:15	Drøfting mellom Y-nemnd og repr frå opplæringskontor om fagbrev på jobb	10:45 - 12:00	Drøftar innretning på kvalitetsmelding
11:15	Sakshandsaming	12:00 - 12:30	Lunsj
		12:30	Sakshandsaming

Representanten John Andre Kongsvik (H) stilte følgjande munnlege spørsmål:

«Bakgrunn: Årets russetid henger i en tynn tråd i takt med både smittetall og ukjent tempo på vaksinerings. I Oslo går man mot å utsette russetiden til etter 17.mai for å sikre russen en bedre og tryggere feiring.

Spørsmål:

1. *Hvordan vurderer fylkesdirektøren muligheten for å flytte russetiden til etter 17.mai for å sikre en bedre og tryggere russetid gitt smittesituasjonen?*

2. *Hvordan jobber fylkesdirektøren og administrasjonen fremover for å sikre en tryggest mulig feiring for russeren et generelt grunnlag?*
3. *Hvis russetiden flyttes til etter 17.mai, vil fylkesdirektøren ta initiativ for å arrangere russetiden på et senere tidspunkt i hele landet på permanent basis?»*

Spørsmålet kom inn etter fristen, og vart svara ut muntleg i møtet.